



Skredsikringsbehov for riks- og fylkesvegar i Region vest



Jon Linde, Mesta

Forord

Oppdraget med oppdatering av skredsikringsbehova er gjeve frå Vegdirektoratet til regionane våren 2014. Oppdateringa omfattar både riks- og fylkesvegar og er ein del av grunnlagsarbeidet til Nasjonal Transportplan for perioden 2014-2023. Oversikta over skredsikringsbehov bygger på tidlegare rassikringsplanar i Region vest. På grunn av det store talet skredpunkt i regionen, vil vi fortløpende oppdatere kostnadstala i rapporten. Neste fullstendige gjennomgang vil skje om fire år.

Rapporten vil ikkje bli trykt, men ligg tilgjengelig på nett:

[Skredsikring i Region vest | Statens vegvesen](#)

Forsidebilde: Vikafjellet 15. april 2013. Foto: Jon Linde, Mesta

Innhald

Innhald

| | |
|--|----|
| Forord | 1 |
| Innhald | 2 |
| 0 Samandrag | 3 |
| 1 Innleiing | 4 |
| 1.1 Bakgrunn og hensikt | 4 |
| 1.2 Organisering av arbeidet | 4 |
| 1.3 Definisjonar | 5 |
| 2 Arbeidsmetodar | 5 |
| 2.1 Registreringsarbeidet | 5 |
| 2.2 Reknemodell for skredfaktor (Skredfaktormodell) | 6 |
| 2.3 Oversikt over aktuelle sikringstiltak | 6 |
| 2.4 Grunnlag for kostnadsoverslag | 7 |
| 3 Oversikt over skredproblema i region Vest | 8 |
| 3.1 Generelt | 8 |
| 3.2 Registrerte skred | 8 |
| 3.3 Oversikt over skredpunkt, skredfaktorgruppe og kostnad for riksvegar | 11 |
| 3.4 Oversikt over skredpunkt, skredfaktorgruppe og kostnad for fylkesvegar | 12 |
| 3.5 Skredpunkt med alternative tiltak | 12 |
| 3.6 Vurdering av sikringseffekten | 13 |
| 3.7 Vurdering av klimaendringar og konsekvensar | 13 |
| 3.7.1 Klimautvikling i nær framtid | 13 |
| 3.7.2 Framtidige Klimaendringar | 13 |
| 4 Oversikt over skredpunkt på riksvegnettet | 14 |
| 5 Oversikt over skredpunkt på fylkesvegnettet | 15 |
| 6 Skredsikringsbehov – lister | 16 |
| 6.1 Skredsikringsbehov for Riksvegar i Region vest – lister | 16 |
| 6.2 Skredsikringsbehov for Fylkesvegar i Rogaland- lister | 25 |
| 6.3 Skredsikringsbehov for Fylkesvegar i Hordaland - lister | 27 |
| 6.4 Skredsikringsbehov for Fylkesvegar i Sogn og Fjordane - lister | 34 |
| 7 Vedlegg | 43 |

0 Samandrag

Skredsikringsbehov for riks- og fylkesvegar i Region vest er ei fagleg tilråding og grunnlagsdokument til arbeidet med utarbeiding av Nasjonal Transportplan (NTP) med tilhøyrande handlingsprogram for riksvegar og Regionale transportplanar for fylkesvegar. Mandatet har vore å identifisere og rangere skredpunkta på grunnlag av Reknemodell for skredfaktor og kriteria som følgjer denne.

Mandatet har også vore, på eit grovt og overordna nivå, å utarbeide prosjektomtalar med stadfesting og kostnadsbereking for kvart einskilt punkt. Meir detaljert planlegging vil derfor kunne ende opp med både endra tiltak og kostnad.

Formålet med Oversikt over skredsikringsbehov er å:

- Vise ei samla oversikt over skredutfordringane på riks- og fylkesvegane i regionen.
- Vere eit fagleg grunnlag som skal vere til hjelp ved innbyrdes prioritering av punkta.
- Vise ei samla oversikt over behova for skredsikring.

Oversikten viser at vi har 715 skredpunkt på riks- og fylkesvegar i Region vest. Det er utarbeida kostnadsoverslag for 365 av prosjekta:

| Skred-faktor-gruppe | Riksveg | | Fylkesvegar i Rogaland | | Fylkesvegar i Hordaland | | Fylkesvegar i Sogn og Fjordane | |
|---------------------|-----------------|-------------------------|------------------------|-------------------------|-------------------------|-------------------------|--------------------------------|-------------------------|
| | Tal skred-punkt | Kostnad (Mill. 2015-kr) | Tal skred-punkt | Kostnad (Mill. 2015-kr) | Tal skred-punkt | Kostnad (Mill. 2015-kr) | Tal skred-punkt | Kostnad (Mill. 2015-kr) |
| Høg | 66 | 9 178 | 2 | 18 | 44 | 2 300 | 80 | 7 637 |
| Middels | 63 | 879 | 13 | 161 | 70 | 1 176 | 83 | 865 |
| Låg | 48 | 18 | 35 | 97 | 94 | 19 | 117 | 125 |
| Sum | 177 | 10 078 | 50 | 276 | 208 | 3 495 | 280 | 8 627 |

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn og hensikt

Oppdatering av skredsikringbehov er ein del av grunnlagsarbeidet for Nasjonal Transportplan for perioden 2014-2023. Mandatet har vore å identifisere og berekne skredfaktor for alle skredpunkt på riks- og fylkesvegnettet på grunnlag av skredfaktormodellen (tidlegare prioriteringsmodell) og kriteria som følgjer denne. Det totale skredsikringsbehovet vil vera nyttige innspel for å fastsette rammer for skredsikring i NTP, men endeleg prioritering av prosjekta vil skje i det ordinære arbeidet med NTP og Regionale (fylkeskommunale) transportplanar.

I Region vest starta arbeidet med fylkesvise skredsikringsplanar tidleg på 90-talet. Dei første planane var ei oversikt over problem og moglege sikringstiltak, men utan rangering. I 2003 vart den første berekningsmodellen utvikla i Hordaland, og det vart raskt vedteke at denne modellen skulle nyttast av vegvesenet i heile landet. Region vest fikk sin første samla skredsikringsplan i 2006.

Etter gjennomføringa av forvaltningsreforma og tilrådingar frå etatsprosjektet, "Klima og transport", vart det gjort tilpassingar i modellen i 2011.

For oppdateringane som er gjort no i 2015, er det ingen nye endringar i den matematiske reknemodellen, men for å tydeleggjer at dette er eit beslutningsgrunnlag og ikkje endeleg prioritering har ein bestemt å bytte ut ein del nemningar:

| Tidlegare omgrep | Nye omgrep |
|--|--|
| Skredsikringsplan | Skredsikringsbehov og Oversikt over skredsikringsbehov |
| Prioriteringsliste | som over |
| Prioriteringstall | Skredfaktor |
| Prioriteringskategori | Skredfaktorgruppe |
| Prioriteringsmodell | Skredfaktormodell (alt Reknemodell for skredfaktor) |
| | |
| F1 Trafikkmengdefaktor (ÅDT-faktor i NVDB) | F1 Trafikkmengdefaktor |
| F2 Skredfaktor | F2 Skredfarefaktor |
| F3 Omkjøringsfaktor | F3 Omkjøringsfaktor |
| F4 Stengingsfaktor | F4 Stengingsfaktor (ev vegstengingsfaktor) |
| F5 Skredfarefaktor | F5 Skredfarestengingsfaktor |
| F6 Naboskredfaktor | F6 Naboskredfaktor |

1.2 Organisering av arbeidet

Oppdraget til regionane frå Vegdirektoratet, vart gjeve i eit notat datert juni 2014 (Sveisnr: 2014/076828-001).

Arbeidsgruppa i Region vest har vore samansett av brei kompetanse innan skredfag. Gruppa har også etter behov knytt til seg planleggarkompetanse. Gruppa har vore leia av samfunnsseksjonen, ved Guro Marie Dyngen.

1.3 Definisjonar

Eit skredutsett punkt er å forstå som ein stad på strekninga kor eit tiltak er nødvendig for å gi ein sikringseffekt. Nedfall frå skjering skal ikkje vera med her.

Tidlegare har vi også definert ei skredutsett vegstrekning som ei strekning kor det i løpet av dei siste 20 åra har vore minst 3 stengingar som følgje av skred eller minst 3 hendingar/nedfall pr km på strekninga dei siste 20 åra. Som nedfall reknast ikkje nedfall frå vegskjeringar. Langs ei skredutsett vegstrekning kan det vera fleire skredløp og/eller område kor nedfall er registrert.



Bilde 1: Snøskred som utvikla seg til kombinasjon av snø- og jordskred. Fv. 92 Arnafjord. Foto: Jens Tveit, Statens vegvesen

2 Arbeidsmetodar

Arbeidet med oppdatering av Skredsikringsbehov for riks- og fylkesvegar i region vest har teke utgangspunkt i førre plan frå 2011. Alle data som vert nytta i til berekning av skredfaktor er vurdert på nytt. Det er også lagt vekt på å fange opp ”nye” punkt som skal inn i planen og ta ut punkt som er sikra.

Det er prioritert å lage grove kostnadsoverslag for skredpunkt i skredfaktorgruppe høg og middels. På grunn av det store omfanget, er dette ikkje ferdig. Vi vil derfor jobbe vidare med dette i 2016.

2.1 Registreringsarbeidet

Datainnsamlinga har skjedd i møte med lokalkjente byggjeleiarar frå vegavdelingane. Både registreringar i vegdatabanken (NVDB) og lokal kunnskap er lagt til grunn for berekning av skredfaktorar. Mange av opplysningane som er samla inn er basert på skjønn. Det er difor lagt vekt på at opplysningane er samla inn av ei lita gruppe med mest mogleg lik utøving av skjønn.

For kvar einskilt skredutsett punkt er det samla inn data om:

- Skredtype og storlek på raset
- Skredfrekvens, stengingsfrekvens og varigheit av stenging grunna rasfare
- Naboras
- Omkøyringstid
- Årsdøgntrafikk (ÅDT),
- Fylke, kommune, vegdistrikt, funksjonskontrakt

2.2 Reknemodell for skredfaktor (Skredfaktormodell)

Gjennom bruk av reknemodell for skredfaktor får alle skredpunkt utrekna skredfaktor. Reknemodell for skredfaktor består av seks ulike faktorar som skildrar ulike forhold knytt til skredfare og framkomst på den utsette strekninga.

Faktorane er:

| Nr | Faktor | Vekt |
|----|--|------|
| F1 | Trafikkmengdefaktor (basert på vegens trafikkmengde – ÅDT*) | 0,20 |
| F2 | Skredfarefaktor (basert på skredfrekvens * skredbreidde, der skredbreidde er lengde berørt veg) | 0,20 |
| F3 | Omkøyringsfaktor (basert på omkøyringsvegens lengde i timer) | 0,15 |
| F4 | Stengingsfaktor (basert på tal gonger vegen er stengt på grunn av skred) | 0,15 |
| F5 | Skredfarestengingsfaktor (basert på tal døgn vegen er stengt på grunn av skredfare) | 0,10 |
| F6 | Naboskredfaktor (basert på fare for nye skred i område kor trafikken vert påverka (ventar/oppheld seg) etter at eitt skred har gått) | 0,10 |

* Trafikkmengda som inngår er berekna gjennomsnittleg årsdøgntrafikk (ÅDT). Denne gjenspeglar korkje variasjonar i trafikkmengde over døgnet (rushtid) eller året (sommar-/vintertrafikk) eller korleis trafikken er samansett med tanke på persontransport eller næringstransport.

Avhengig av forhold på strekninga får kvar einskilt faktor ein verdi frå 0 til 10, og kvar faktor har ei vekt som vist i tabellen over. Skredfaktor får ein fram ved å summere dei vekta faktorane. Maksimalt teoretisk skredfaktor er 9,0.

Skredpunktet vert delt inn i følgjande skredfaktorgrupper:

- Høg skredfaktorgruppe: Skredfaktor > 3,5
- Middels skredfaktorgruppe: 3,5 < Skredfaktor < 2,5
- Låg skredfaktorgruppe: Skredfaktor < 2,5

Reknemodellen er ikkje endra sidan førre revidering av skredsikringsbehov (grunnlag til NTP 2014-2017), men nokre omgrep er bytta ut for å tydeleggjer at dette er eit beslutningsgrunnlag og ikkje endeleg prioritering (Sjå avsnitt 1.1).

Skredfaremodellen er nærmare beskrive i Vedlegg – “Regnemodell for skredfaktor”.

2.3 Oversikt over aktuelle sikringstiltak

For kvart skredpunkt er det føreslege sikringstiltak. Dette er gjort på generelt/overordna nivå. Erfaringar viser at meir detaljert planlegging vil medføre at tiltaka kan bli endra i både type og omfang. Ved planlegging av tiltak skal Staten vegvesen sine normalar og handbøker følgjast.

I arbeidet med skredsikringsbehov er det lagt vekt på å finne tiltak som vil gje varig sikring av vegen. Tiltak som er vurdert er:

- Tunnel
- Overbygg
- Omlegging av veg
- Leie- og fangvollar
- Sikringsnett
- Støttemurar

2.4 Grunnlag for kostnadsoverslag

Bestillinga var å utarbeide kostnadsoverslag for alle punkt i skredfaktorgruppe høg og middels. På grunn av det store omfanget av skredpunkt har vi heller ikkje denne gongen klart å rekne på alle punkt. Vi har derfor i hovudsak prioritert å utarbeide kostnadsoverslag for punkt med høgast skredfaktor. Grunnlaget er likevel langt betre no enn ved sist oppdatering . Rapporten med tilhørande lister omfattar no kostnadar for 81% av høg skredfaktor gruppe (59 % i 2011) og 64% av middels skredfaktor gruppe (22% i 2011).

Kostnadsoverslaga skal innehalde alle naudsynte kostnader til gjennomføring inkl. planlegging, byggeleiing, tilknyting til eksisterande veg, utbetring av trafikkfarlege punkt. Kostnadsoverslaga er grove med ein usikkerheit på +/- 40 %. Overslaga er gjort med følgjande metodar:


- For prosjekt der det eksisterer formell plan med anslag (få prosjekt) er dette lagt til grunn.
- For dei andre punkta er det laga enkle overslag basert på einingsprisar henta frå Vegvesen sin kostnadsbank justert med erfaringar frå nyleg avslutta og pågåande prosjekt i region vest.

| Element | Einingspris | Eining |
|--|-------------|----------------|
| Tunnel (tofelts) i fjell | 150 000 | lm |
| Tunnelportalar | 437 500 | lm |
| Røyrtunnel i stål/betong (tofelts) | 402 500 | lm |
| Overbygg i betong (tofelts) | 437 500 | lm |
| Bru med ras under | 437 500 | lm |
| Plastring av bekkeløp | 875 | m ² |
| Drenering/stikkrenner | 11 375 | lm |
| Kulvert 3x3 m (10 m lang) | 2 625 000 | stk |
| Tørrmur (støttemur) | 4 375 | m ² |
| Fang/ledevollar i lausmasse (6 m høg, 18 m brei) | 26 250 | lm |
| Generell flytting av lausmasser | 263 | m ³ |
| Sprenging av fjell inkl. flytting | 350 | m ³ |
| Fanggjerder (wirenett) | 43 750 | lm |
| Isnett (inkl. rensk og bolting) | 2625 | m ² |
| Veg i dagen | 70 000 | lm |
| Bolting | 5 250 | stk |
| Usikkerhet | | 20 % |

3 Oversikt over skredproblema i region Vest

3.1 Generelt

Skred og stengde vegar fører til mange og til dels alvorlege problem for dei som har eit behov for å kunne ferdast på vegane. Ofte manglar det gode omkjøringsvegar. Hovudvegar kan verte stengt i lengre tid og lokalsamfunn vert isolert. Dette har store konsekvensar for både lokalbefolkning og næringsliv. Trafikantar som er avhengige av å ferdast på dei skredutsatte vegane føler ofte frykt, og skredfaren skaper mykje uro i lokalsamfunna. Sjølv om det relativt sjeldan skjer ulykker som følgje av skred, har vi dei siste åra hatt fleire skredulykker som har ført til dødsfall og varige personskader.



Bilde 2: Skred i Velure Fv 550 i Hordaland. Foto: Jens Tveit Statens vegvesen

Tendensen dei siste åra har vore at både trafikantar og næringsliv er meir avhengig av, og stiller høgare krav til tryggleik, pålitlighet og framkomst langs vegane.


3.2 Registrerte skred

Kvar år vert det registrert i snitt 525 skred på riks- og fylkesvegane i Region vest.

Vegvesenet har krav til sine entreprenørar at dei skal registrere alle typar skred/nedfall på vegane. Grafen under viser alle registreringar i regionen i åra 2000-2015*. Når vi samanliknar registreringane med informasjon frå lokalkjende, ser vi at om lag 2/3 av skreda som treff vegane ikkje vert registrert. Av erfaring veit vi at dette i hovudsak gjeld mindre skred/nedfall som ikkje stenger vegen. Det kan sjå ut som manglante registreringar er jamt fordelt i både tid og geografi. Grafane under gir derfor ei godt bilete av variasjon i skredaktivitet over tid.


Det kan sjå ut som om 2011 var eit spesielt år med stor skredaktivitet. Dette stemmer godt. Januar var mild og våt med stor aktivitet av snø- og sørpeskred, og i desember hadde vi besøk av ekstremvêret Dagmar med mange flaumskred. Dei store nedbørsmengdene medførte også høg steinsprangaktivitet.

Registrerte skred på riks- og fylkesvegar i Region vest




*Kun det som er registrert i NVDB pr okt 2015.


Dei følgjande grafane viser korleis registreringane fordelar seg mellom riks- og fylkesvegar i dei ulike fylka.



*Kun det som er registrert i NVDB pr okt 2015.



*Kun det som er registrert i NVDB pr okt 2015.



*Kun det som er registrert i NVDB pr okt 2015.

3.3 Oversikt over skredpunkt, skredfaktorgruppe og kostnad for riksvegar

Tabellen under syner ei samla oversikt over skredpunkt og kostnader fordelt på skredfaktorgruppe for riksvegane i Region vest. Vi gjer merksam på at det reelle behovet er større enn det som kjem fram i tabellen då mange skredpunkt manglar kostnadsoverslag.

| Skredfaktor-gruppe | Sum alle Riksvegar | | Rv. Rogaland | | Rv. Hordaland | | Rv. Sogn og Fjordane | |
|--------------------|--------------------|-----------------------------|-----------------|----------------------------|-----------------|----------------------------|----------------------|----------------------------|
| | Tal skred-punkt | Kostnad Mill. 2015-kr | Tal skred-punkt | Kostnad Mill. 2015-kr | Tal skred-punkt | Kostnad Mill. 2015-kr | Tal skred-punkt | Kostnad Mill. 2015-kr |
| Høg | 66 | 9 178 ¹⁾ | 4 | 1 545 ²⁾ | 39 | 3 775 ³⁾ | 23 | 3 858 ⁴⁾ |
| Middels | 63 | 879 ¹⁾ | 3 | 28 ²⁾ | 42 | 422 ³⁾ | 18 | 429 ⁴⁾ |
| Låg | 48 | 18 ¹⁾ | 10 | 15 ²⁾ | 23 | 0 ³⁾ | 15 | 1 ⁴⁾ |
| Sum | 177 | 10 075 ¹⁾ | 17 | 1 588 ²⁾ | 104 | 4 197 ³⁾ | 56 | 3 746 ⁴⁾ |

- ¹⁾ Manglar kostnad for 19 skredpunkt i høg skredfaktorgruppe, 19 skredpunkt i middels skredfaktorgruppe og 42 skredpunkt i låg skredfaktorgruppe. Totalt 79 av 177 skredpunkt.
- ²⁾ Manglar kostnad for 1 skredpunkt i høg skredfaktorgruppe og 7 skredpunkt i låg skredsikringsgruppe
- ³⁾ Manglar kostnad for 9 skredpunkt i høg skredfaktorgruppe, 16 skredpunkt i middels skredfaktorgruppe og 20 skredpunkt i låg skredfaktorgruppe.
- ⁴⁾ Manglar kostnad for 9 skredpunkt i høg skredfaktorgruppe, 3 skredpunkt i middels skredfaktorgruppe og 14 skredpunkt i låg skredfaktorgruppe

I tillegg til punkt som ikkje er vurderer er det ein del punkt kor kostnader ikkje er med i det samla behovet. Dette er i hovudsak skredpunkt kor skredsikring ikkje kan løysast utan større vegutbetringar/vegomleggingar:

- **E39 Tronvik – Agder grense:** her er det berre lagt inn kostnader for mellombels sikring. Permanent vil berre kunne skje med ei større vegomlegging.
- **Rv. 15 Strynefjellet:** (skredpunkta Sætreskarfjellet/Grasdalen, Napefonna, Grasdaltunnelen sør samt Gotiskarfonna og Kleivane) kan berre sikrast med lange tunneler. KVU-en er til behandling.
- **Rv. 13 Vikafjellet:** (skredpunkta Kvassdalen, Skredene, Svaet, og Skjelingavatnet) vil ikkje kunne skredsikrast utan lang tunnel. Planlegging pågår.
- **E39 Våtedalen:** (skredpunkta Brendestølfonna, Buskredefonna, Kvitesvora, Bakkefonna, Steinløkkefonna og Sletteskredfonna) er ei strekning som kan vera problematisk når det er rette vind- og nedbørsforhold. Strekninga er sikra med mange mindre vollar som tek i mot dei mindre skreda, men av og til går det større skred med stor fonnvind. Dersom vi skal kunne sikre dette er det trøng for tyngre tiltak (tunnel). Det bør lagast ein samla vurdering/forprosjekt for framtidig løysning av E39 gjennom Våtedalen.
- **E16 Stanghelle-Arna:** Samferdselsdepartementet har 08.12.2015 vedteke å leggje konseptvalet K5 til grunn som strategi for strekninga. Prioritering av midlar til utbygging vil bli vurdert i arbeidet med Nasjonal transportplan 2018-29. I tabellen er det lagt inn kostnader knytt til mellombels sikring. Nokre av tiltaka vil ha avgrensa effekt, og for fleire av dei er det usikkert om tiltak kan gjennomførast.
- **E16 Voss – Stanghelle:** Samferdselsdepartementet har 08.12.2015 vedteke at på kort sikt skal det gjennomførast oppgradering av tunnelar og diverse skredsikring på strekninga langs eksisterande veg. Prioritering av midlar til utbygging av strekninga vil bli vurdert ved seinare rullering av NTP. I tabellen er det lagt inn kostnader knytt til sikring langs eksisterande veg.

3.4 Oversikt over skredpunkt, skredfaktorgruppe og kostnad for fylkesvegar

Tabellen under syner ei samla oversikt over skredpunkt og kostnader fordelt på skredfaktorgruppe for fylkesvegane i Region vest. Vi gjer merksam på at det reelle behovet er større enn det som kjem fram i tabellen då mange skredpunkt manglar kostnadsestimat.

| Skredfaktor-gruppe | Fv. Rogaland | | Fv. Hordaland | | Fv. Sogn og Fjordane | | Sum alle Fylkesvegar | |
|--------------------|-----------------|-----------------------|-----------------|-----------------------|----------------------|-----------------------|----------------------|-----------------------|
| | Tal skred-punkt | Kostnad Mill. 2015-kr | Tal skred-punkt | Kostnad Mill. 2015-kr | Tal skred-punkt | Kostnad Mill. 2015-kr | Tal skred-punkt | Kostnad Mill. 2015-kr |
| Høg | 2 | 18 | 44 | 2 300 ²⁾ | 80 | 7 637 ³⁾ | 126 | 9 955 ⁴⁾ |
| Middels | 13 | 161 ¹⁾ | 70 | 1 176 ²⁾ | 83 | 865 ³⁾ | 166 | 2 202 ⁴⁾ |
| Låg | 35 | 97 ¹⁾ | 94 | 19 ²⁾ | 117 | 125 ³⁾ | 246 | 241 ⁴⁾ |
| Sum | 50 | 276 ¹⁾ | 208 | 3 495 ²⁾ | 280 | 8 627 ³⁾ | 538 | 12 398 ⁴⁾ |

- ¹⁾ Manglar kostnad for, 2 skredpunkt i middels skredfaktorgruppe og 7 skredpunkt i låg skredsikringsgruppe.
- ²⁾ Manglar kostnad for 4 skredpunkt i høg skredfaktorgruppe, 32 skredpunkt i middels skredfaktorgruppe og 84 skredpunkt i låg skredfaktorgruppe
- ³⁾ Manglar kostnad for 14 skredpunkt i høg skredfaktorgruppe, 29 skredpunkt i middels skredfaktorgruppe og 114 skredpunkt i låg skredfaktorgruppe
- ⁴⁾ Manglar kostnad for 18 skredpunkt i høg skredfaktorgruppe, 63 skredpunkt i middels skredfaktorgruppe og 205 skredpunkt i låg skredfaktorgruppe. Totalt 286 av 538 punkt.

3.5 Skredpunkt med alternative tiltak

Sjølv om steinsprang er den hyppigaste typen skred i Region vest, har vi også store utfordringar med snøskred. Nokre av desse strekningene kan sikrast med terrengtiltak (vollar), men ofte vil overbygg eller tunnel vere den einaste sikre løysinga. Mange av dei strekningene dette gjeld, er høgfjellsvegar eller lågt trafikkerte fylkesvegar, og tiltaka det er snakk om vil vera svært kostbare. Alternative tiltak som kan vere aktuelle er

overvakning, varsling og stenging, ev. kunstig utløsing ved hjelp av taubaner, faste tårn eller flyttbare utløsningsmekanismer. Dette er tiltak som er godt innarbeida i drifta av vegane i dag. Denne typen tiltak er utan tvil med på å gjere vegane sikrare, men betrar ikkje på situasjonen med stengde veger og isolerte bygdesamfunn.

Vi meiner at vurderingar om denne typen tiltak kan erstatte dyre fysiske tiltak/ nyttast som mellombelte tiltak i påvente av permanent sikring, må gjerast på eit meir detaljert plannivå enn det som er gjort i skredsikringsplanen.



Bilde 3: Flyging med Daisybell, Foto: Reidun Øverland, Statens vegvesen

3.6 Vurdering av sikringseffekten

Det er ikkje gjort konkrete vurderinger for sikringseffekt for dei einskilde føreslårte tiltaka.

Erfaringsmessig kan vi anslå at sikringseffekten for tunnelar og overbygg er høg, opp mot 95 %.

Terrengtiltak som vollar, grøfter og magasin vil gje ein sikringseffekt på 60-80 %. Med overvaking og stenging vil vi anslagvis kunne oppnå ein sikringseffekt på ca 50 %

3.7 Vurdering av klimaendringar og konsekvensar

3.7.1 Klimautvikling i nær framtid

For dei neste 10-20 åra vil naturlege variasjonar i stor grad dominere over «klimasignalet» som skyldast auka drivhuseffekt. For denne tidshorisonten anbefalast det at ein nyttar oppdaterte data for «dagens klima» i staden for framskrivingar. Fordelen ved å nytte statistikk basert på observasjonar er større enn ulempene ved å neglisjere klimaendringssignalet. Da det også har skjedd endringar i «nyare» tid anbefalast det å legge erfaringar frå siste 30-års periode til grunn.

Kjelde: Klima i Norge 2100, Kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing oppdatert i 2015, NCCS report no 2/2015

3.7.2 Framtidige Klimaendringar


Utløysing av dei fleste skredtypar er sterkt knytt til værforhold som nedbør, temperatur og vind, eller kombinasjonar av desse. Ved endringar i klima vil utløysning av skred og frekvens av ulike skredtypar bli påverka. Forventa endringar som temperaturauke, auka årsnedbør og kraftigare nedbørsintensitet vil auke faren for skred i enkelte område og redusere den i andre område.

Ut frå klimaframskrivningar kan vi anta at det i framtida vil bli færre snøskred i låglandet på grunn av kortare vintrar og mindre snø. Faren for tørrsnøskred vil minke med gradvis temperaturauke, mens faren for våtsnøskred og sørpeskred vil auke. Skreda kan også ramme andre stedar enn tidlegare


Fleire store nedbørhendingar i bratt terreng vil auke faren for jord- og flaumskred. Hyppige episodar av kraftig nedbør vil også kunne auke hyppigheten av steinskred/steinsprang.

Kjelde: Klima i Norge 2100, Kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing oppdatert i 2015, NCCS report no 2/2015

4 Oversikt over skredpunkt på riksvegnettet



5 Oversikt over skredpunkt på fylkesvegnettet



6 Skredsikringsbehov – lister

6.1 Skredsikringsbehov for Riksvegar i Region vest – lister

| Rute | Veg | Hp (frå) | Km (frå) | hp (til) | Km (til) | Stadnamn | Fylke | Kommune | Skred- faktor | Skred- faktor- gruppe | Kostnad (mill. 2015-kr) | Usik- kerhet | Tiltak | Merknad |
|------|--------|-------------|-------------|-------------|-------------|---|---------------------|----------|------------------|-----------------------------|-------------------------------|-----------------|--------------------------------------|---|
| 3 | E39 | 1 | 0 | 1 | 1750 | Tronvik - Agder grense | Rogaland | Lund | 5,9 | Høg | | | | Permanent sikring kan berre skje med en større vegomlegging/vegutbetring. Avventar trasé for E39 Søgne Ålgård |
| 3 | E39 | 1 | 0 | 1 | 1750 | Tronvik - Agder grense mellombels sikring | Rogaland | Lund | 5,9 | Høg | 25 | 40 % | Nett og rensk | Mellombels tiltak |
| 6C | Rv. 15 | 1 | 3550 | 1 | 4210 | Sætreskarfjellet/ Grasdalen | Sogn og Fjordane | Stryn | 5,9 | Høg | | | | Avventar KVU. Vegen vil ikke kunne sikrast utan lang tunnel. Tiltaket inkluderer og sikring av Napefonna, Grasdalen Sør og Gotiskarfonna/Kleivane |
| 5C | E16 | 11 | 2280 | 11 | 2500 | Bogetunnelen vest | Hordaland | Vaksdal | 5,8 | Høg | | | | Permanent sikring i prosjektet Stanghelle -Arna |
| 5B | Rv. 5 | 20 | 13610 | 20 | 13780 | Leversund | Sogn og Fjordane | Flora | 5,5 | Høg | 3 | 40 % | Nett, bolt og rensk | |
| 5C | E16 | 11 | 3681 | 11 | 4239 | Krakeberg | Hordaland | Vaksdal | 5,4 | Høg | 35 | 40 % | Fanggjerder, isnett og bolting | Mellombels tiltak. Permanent sikring i prosjektet Stanghelle - Arna |
| 5C | Rv. 5 | 18 | 7540 | 18 | 8070 | Skrevikja | Sogn og Fjordane | Førde | 5,3 | Høg | 21 | 40 % | Fanggjerder | |
| 4A | E39 | 13 | 9500 | 13 | 10727 | Skjersura | Sogn og Fjordane | Jølster | 5,3 | Høg | 650 | 40 % | Tunnel | |
| 5A | Rv. 13 | 1 | 6000 | 1 | 6800 | Øvre Lonevatn | Hordaland | Odda | 5,2 | Høg | 110 | 40 % | Overbygg | Det er fleire skredpunkt i høg skredfaktorguppe på ei kort strekning. Bør vurderast å sikre fleire samtidig |
| 5A | Rv. 13 | 19 | 18550 | 20 | 1300 | Rødsliane | Rogaland | Suldal | 5,0 | Høg | 750 | 25 % | tunnel | Forventar auke i ÅDT ved opning av Sandsfjord bru |
| 5B | Rv. 7 | 6 | 2255 | 6 | 2750 | Rossanes øst | Hordaland | Eidfjord | 5,0 | Høg | 25 | 40 % | Fanggjerder | |
| 5C | Rv. 5 | 11 | 12900 | 11 | 15250 | Stølsnestunnelen- Kleivatunnelen | Sogn og Fjordane | Jølster | 4,9 | Høg | 1140 | 10 % | Tunnel | Rv.. 5 Kjøsnesfjorden, nytt anslag når RP er godkjent |

| Rute | Veg | Hp (frå) | Km (frå) | hp (til) | Km (til) | Stadnamn | Fylke | Kommune | Skred- faktor | Skred- faktor- gruppe | Kostnad (mill. 2015-kr) | Usik- kerhet | Tiltak | Merknad |
|------|--------|-------------|-------------|-------------|-------------|--------------------|------------------|------------|------------------|-----------------------------|-------------------------------|-----------------|--|--|
| 4C | Rv. 13 | 3 | 15320 | 3 | 15390 | Aurskreda | Hordaland | Odda | 4,9 | Høg | 2200 | 40 % | | Jøsental - Odda. KDP 2014. Sikrar også Steinaberg bru - Låtefoss, Øvsteskred, Vetrhus sør. Grønsdalstoppen, Vetrhus bru, Røvhaug - Saga og Holmevikja |
| 4C | Rv. 13 | 17 | 3345 | 17 | 4700 | Kvassdalen | Hordaland | Voss | 4,9 | Høg | | | Tunnel | Inngår i Stort prosjekt Mørkdalen - Håla- Vikafjellet. Totalkostnad 4800 mill. kr. Tiltak vil og sikre Skredene, Svaet, Skjelingavatnet, Ygningdalshamrane og Halsabakkane |
| 5C | E16 | 8 | 7360 | 8 | 7771 | Nagelskjeret | Hordaland | Voss | 4,9 | Høg | 7 | 40 % | Brei grøft, mur | |
| 5B | Rv. 7 | 2 | 9070 | 2 | 9320 | Storlia II | Hordaland | Eidfjord | 4,9 | Høg | 10 | 40 % | Terrengtiltak | Utbetringstiltak Rv. 7 Storlia, skredsikring - forventar løying i 2017 |
| 4A | E39 | 24 | 2590 | 24 | 2900 | Lote tunnelen sør | Sogn og Fjordane | Eid | 4,8 | Høg | 30 | 40 % | Portal | Usikkert om det er mogleg å bygge portal som er lang nok til å få effekt med dagens tunnelkurvatur |
| 5A | Rv. 13 | 9 | 14480 | 9 | 16074 | Melkeråna | Rogaland | Hjelmeland | 4,8 | Høg | 770 | 25 % | Tunnel | Utkast til plan er ferdig, vedtak 1. kvartal 2016. Kostnad angitt er for anbefalt alternativ. Lang tunnel til Årdal kostar ca. 1700 mill. kr. |
| 5C | E16 | 3 | 5000 | 3 | 5196 | Bjørkli N og S | Hordaland | Voss | 4,7 | Høg | 13 | 40 % | Magasin og stikkrenner | |
| 5C | E16 | 3 | 5500 | 3 | 5650 | Rinden N og S | Hordaland | Voss | 4,7 | Høg | 7 | 40 % | Magasin og kulvert | |
| 4C | Rv. 13 | 16 | 250 | 16 | 1158 | Osgjelet | Hordaland | Voss | 4,6 | Høg | 480 | 40 % | Tunnel | |
| 5C | E16 | 8 | 6449 | 8 | 6741 | Vassendaberget | Hordaland | Voss | 4,6 | Høg | 16 | 40 % | Fanggjerder | |
| 4C | Rv. 13 | 5 | 1240 | 5 | 1690 | Byrkjenes | Hordaland | Odda | 4,6 | Høg | 300 | 40 % | | Tyssedal - Odda, KDP 2014. Sikrar og Tyssedaltunnelen Sør |
| 6C | Rv. 15 | 1 | 14000 | 1 | 16330 | Napefonna | Sogn og Fjordane | Stryn | 4,6 | Høg | 0 | 0 % | | Kontrollert nedspredding > trafikken blir stoppet på trygge plassar, vil ev. bli sikra ved lang tunnel på Strynefjellet |
| 5A | E134 | 2 | 8390 | 2 | 8600 | Austmannalia nedre | Hordaland | Odda | 4,5 | Høg | 85 | 40 % | Portal og Magasin, grøft overslag basert på plannotat frå 2008 | Skredpunkt må sjåast saman med Austmannlia øvre |

| Rute | Veg | Hp (frå) | Km (frå) | hp (til) | Km (til) | Stadnamn | Fylke | Kommune | Skred- faktor | Skred- faktor- gruppe | Kostnad (mill. 2015-kr) | Usik- kerhet | Tiltak | Merknad |
|------|--------|-------------|-------------|-------------|-------------|------------------------------|------------------|----------|------------------|-----------------------------|-------------------------------|-----------------|--|---|
| 4A | E39 | 14 | 9200 | 14 | 9280 | Brendestølsfonna | Sogn og Fjordane | Jølster | 4,5 | Høg | | | | Treng samla plan for skredsikring av Våtedalen |
| 4A | E39 | 15 | 90 | 15 | 600 | Buskredfonna | Sogn og Fjordane | Gloppen | 4,4 | Høg | | | | Treng samla plan for skredsikring av Våtedalen |
| 5C | E16 | 10 | 7000 | 10 | 7125 | Steganestunnel nord | Hordaland | Vaksdal | 4,3 | Høg | 14 | 40 % | Mellombels tiltak: fanggjerde og overvaking | Mellombels tiltak. Permanent sikring i prosjektet Stanghelle - Arna |
| 6C | Rv. 15 | 1 | 8360 | 1 | 8600 | Grasdaltunnelen sør | Sogn og Fjordane | Stryn | 4,3 | Høg | | | | Blir ikkje stengt på grunn av rasfare da det allereie er stengt pga. Grasdalen. Tiltak er inkludert i Sætreskarfjellet/Grasdalen. |
| 4C | Rv. 13 | 6 | 1450 | 6 | 2106 | Oaldskor - Stana | Hordaland | Odda | 4,3 | Høg | | | | Sikra med tunnel i 2002, men gamlevegen Bruces til sykkelveg |
| 5C | E16 | 9 | 5400 | 9 | 6600 | Nærøydalen (Hylland - Sleen) | Sogn og Fjordane | Aurland | 4,3 | Høg | 1400 | 10 % | | E16 Nærøydalen |
| 4C | Rv. 13 | 3 | 0 | 3 | 3550 | Vik-Vangsnes | Sogn og Fjordane | Vik | 4,2 | Høg | 570 | 10 % | | Prosjekt Rv. 13 Vik- Vangsnes, Inne i NTP 2014-2017. Binding i neste NTP |
| 5A | E134 | 1 | 3970 | 1 | 4100 | Peparstein | Hordaland | Odda | 4,2 | Høg | 130 | 40 % | Portal | Skavlar vert sprengt ned med dynamitt ca. 4-8 gonger pr. år. Dei færreste når derfor vegen, da dei vert teke ned før de blir for store. Vegen blir ikkje stengt pga. av rasfare, men det vert køyrt kolonne |
| 4C | Rv. 13 | 1 | 15350 | 1 | 16000 | Skredene | Sogn og Fjordane | Vik | 4,2 | Høg | | | | Inngår i Stort prosjekt Mørkdalen - Håla- Vikafjellet. Totalkostnad 4800 mill. kr. Tiltak vil også sikre Svaet, Skjelingavatnet, Ygningsdalshamrane, Halsabakkane og Kvassdalen |
| 5C | Rv. 5 | 18 | 2810 | 18 | 2820 | Bjørnsnestunnelen vest | Sogn og Fjordane | Førde | 4,1 | Høg | 2 | 40 % | Fanggjerder | |
| 4C | Rv. 13 | 6 | 3000 | 6 | 3900 | Skarvabjørg | Hordaland | Odda | 4,1 | Høg | | | | |
| 4A | E39 | 16 | 14900 | 16 | 15450 | Grasdalen | Sogn og Fjordane | Gloppen | 4,1 | Høg | 2 | 40 % | Bolting | |
| 4A | E39 | 27 | 12060 | 27 | 13400 | Skredestranda | Sogn og Fjordane | Eid | 4,1 | Høg | | | | |
| 5B | Rv. 7 | 6 | 7900 | 6 | 8100 | Pylsur II | Hordaland | Eidfjord | 4,0 | Høg | 13 | 40 % | Fangnett, isnett og bolting | |

| Rute | Veg | Hp (frå) | Km (frå) | hp (til) | Km (til) | Stadnamn | Fylke | Kommune | Skred- faktor | Skred- faktor- gruppe | Kostnad (mill. 2015-kr) | Usik- kerhet | Tiltak | Merknad |
|------|--------|-------------|-------------|-------------|-------------|---------------------------------|------------------|------------|------------------|-----------------------------|-------------------------------|-----------------|------------------------------|--|
| 5A | E134 | 2 | 7300 | 2 | 7510 | Austmannlia tunnel øvre I+II | Hordaland | Odda | 3,9 | Høg | | | | Punktet må sjåast i samanheng med Austmannlia nedre. Ras frå øvre går ofte ned til nedre. Kolonnekjøring ved dårlig vær |
| 6C | Rv. 15 | 2 | 6820 | 2 | 6900 | Dårflåt | Sogn og Fjordane | Stryn | 3,9 | Høg | 40 | 40 % | Bru | |
| 6C | Rv. 15 | 1 | 12950 | 1 | 15000 | Gotiskarfonna og Kleivane | Sogn og Fjordane | Stryn | 3,9 | Høg | | | | Tiltak er inkludert i Sætreskarfjellet/Grasdalen |
| 5A | Rv. 13 | 1 | 8730 | 1 | 8960 | Botn nord | Hordaland | Odda | 3,9 | Høg | 85 | 40 % | Bru og terrengrøytak | Sikrer også Botn |
| 5C | E16 | 8 | 8480 | 8 | 9340 | Drivo | Hordaland | Voss | 3,9 | Høg | 14 | 40 % | Fanggjerde og tosidig mur | Tiltaket vil kunne gi 90% sikring - Alternativ med 0,6 mill. kr pr. år til radarovervakning og akutte tiltak , vil gi ca. 60-70% sikring |
| 4A | E39 | 14 | 9890 | 14 | 9892 | Kvitesevora | Sogn og Fjordane | Jølster | 3,8 | Høg | | | | Treng samla plan for skredsikring av Våtedalen |
| 5C | E16 | 10 | 6680 | 10 | 6720 | Bekk v/Stanghelle vest | Hordaland | Vaksdal | 3,8 | Høg | 2 | 40 % | Isnett, mur og terrengrøytak | |
| 5C | E16 | 10 | 7250 | 10 | 7310 | Steganestunnelen sør | Hordaland | Vaksdal | 3,8 | Høg | 3 | 40 % | Fanggjerder, mur og bolting | Mellombels tiltak. Permanent sikring i prosjektet Stanghelle - Arna |
| 4C | Rv. 13 | 17 | 6641 | 17 | 6750 | Svaet | Hordaland | Voss | 3,8 | Høg | 3 | 40 % | Bolting og snøanker | Mellombels tiltak. Punktet vil bli sikra ved ein framtidig Vikafjellstunell |
| 4A | E39 | 30 | 3000 | 30 | 3100 | Vetle Urdal tunnel sør | Hordaland | Lindås | 3,7 | Høg | | | | Vil bli sikra av ny tunnel i prosjektet E39 Eikefet - Romarheim bru. |
| 5C | E16 | 10 | 6380 | 10 | 6400 | Stanghelle øst | Hordaland | Vaksdal | 3,7 | Høg | 11 | 40 % | Fanggjerde | |
| 4A | E39 | 14 | 7600 | 14 | 8400 | Bakkefonna | Sogn og Fjordane | Jølster | 3,7 | Høg | | | | Treng samla plan for skredsikring av Våtedalen |
| 5C | E16 | 8 | 3995 | 8 | 4200 | Nakkagjeltunnelen vest | Hordaland | Voss | 3,7 | Høg | 3 | 40 % | Fanggjerde og rensk | |
| 5A | Rv. 13 | 1 | 8550 | 1 | 8710 | Botn | Hordaland | Odda | 3,7 | Høg | | | | Tiltak er inkludert i tiltak ved Botn nord |
| 5C | E16 | 11 | 2633 | 11 | 2713 | Bogelia | Hordaland | Vaksdal | 3,7 | Høg | 110 | 40 % | Overbygg | Usikkert om dette er gjennomførbart Permanent sikring i prosjektet Stanghelle - Arna |
| 5B | Rv. 7 | 6 | 1310 | 6 | 1500 | Kyskredo | Hordaland | Eidfjord | 3,7 | Høg | 60 | 40 % | Overbygg | |
| 5C | E16 | 8 | 3740 | 8 | 3780 | Nakkagjeltunnelen øst | Hordaland | Voss | 3,6 | Høg | 3 | 40 % | Terrengrøytak | |
| 4C | Rv. 13 | 3 | 2010 | 3 | 3350 | Steinaberg bru - Låtefoss | Hordaland | Odda | 3,6 | Høg | | | | Tiltak er inkludert i tiltak ved Aurskreda |
| 4C | Rv. 13 | 3 | 14620 | 3 | 14690 | Øvsteskred | Hordaland | Odda | 3,6 | Høg | | | | Tiltak er inkludert i tiltak ved Aurskreda |
| 4A | E39 | 31 | 10700 | 31 | 11500 | Seterlia | Hordaland | Masfjorden | 3,6 | Høg | 35 | 40 % | Terrengrøytak | |

| Rute | Veg | Hp (frå) | Km (frå) | hp (til) | Km (til) | Stadnamn | Fylke | Kommune | Skred- faktor | Skred- faktor- gruppe | Kostnad (mill. 2015-kr) | Usik- kerhet | Tiltak | Merknad |
|------|--------|-------------|-------------|-------------|-------------|--------------------------|------------------|------------|------------------|-----------------------------|-------------------------------|-----------------|------------------------------|--|
| 4A | E39 | 32 | 150 | 32 | 170 | Masfjordtunnelen Sør | Hordaland | Masfjorden | 3,6 | Høg | | | | |
| 4C | Rv. 13 | 1 | 2400 | 1 | 3000 | Skjelingavatnet | Sogn og Fjordane | Vik | 3,6 | Høg | | | | Tiltak er inkludert i tiltak ved Kvassdalen (ny Vikafjellstunnel) |
| 5C | E16 | 11 | 3016 | 11 | 3122 | Bogelia vest | Hordaland | Vaksdal | 3,6 | Høg | | | | Permanent sikring i prosjektet Stanghelle -Arna |
| 4A | E39 | 14 | 7060 | 14 | 7600 | Steinløkkefonn | Sogn og Fjordane | Jølster | 3,6 | Høg | | | | Treng samla plan for skredsikring av Våtedalen |
| 4A | E39 | 14 | 8600 | 14 | 8830 | Sletteskredfonna | Sogn og Fjordane | Jølster | 3,6 | Høg | | | | Treng samla plan for skredsikring av Våtedalen |
| 5C | E16 | 3 | 840 | 3 | 1000 | Sør for Vinje | Hordaland | Voss | 3,5 | Høg | 1 | 40 % | Rensk og bolting | Steinsprang. Behov for sikring av skjering og terreng over. |
| 5A | E134 | 3 | 6920 | 3 | 7035 | Sæteid | Hordaland | Odda | 3,5 | Høg | | | | |
| 4C | Rv. 55 | 9 | 6000 | 9 | 10700 | Suppam | Sogn og Fjordane | Leikanger | 3,5 | Middels | 6 | 40 % | Isnett og terrengtiltak | |
| 5C | E16 | 9 | 10070 | 9 | 10080 | Holhovden, Dale | Hordaland | Vaksdal | 3,5 | Middels | 2 | 40 % | Terrengtiltak | |
| 5C | E16 | 10 | 12000 | 10 | 12200 | Skreien | Hordaland | Vaksdal | 3,4 | Middels | 30 | 40 % | Fanggjerder og overvakning | |
| 5C | E16 | 9 | 3020 | 9 | 3080 | Skånsvik | Hordaland | Voss | 3,3 | Middels | 5 | 40 % | Fanggjerder og terrengtiltak | |
| 5A | Rv. 13 | 22 | 17740 | 22 | 17800 | Krokanesodden | Rogaland | Suldal | 3,3 | Middels | 6 | 40 % | Portal | |
| 4C | Rv. 13 | 1 | 5390 | 1 | 5730 | Ygningsdals-hamrane | Sogn og Fjordane | Vik | 3,3 | Middels | | | | Tiltak er inkludert i tiltak ved Skredene (ny Vikafjellstunnel) |
| 6C | Rv. 15 | 2 | 10095 | 2 | 10100 | Bulega kulvert | Sogn og Fjordane | Stryn | 3,3 | Middels | 35 | 40 % | Bru | |
| 6C | Rv. 15 | 2 | 11000 | 2 | 11090 | Nesjeelva | Sogn og Fjordane | Stryn | 3,3 | Middels | 1 | 40 % | Terrengtiltak | |
| 5A | Rv. 13 | 1 | 12730 | 1 | 13044 | Ekkjevik sør - Ekkjевik | Hordaland | Odda | 3,3 | Middels | | | | Tiltak er inkludert i tiltak ved Aurskreda |
| 5A | E134 | 7 | 13110 | 7 | 13122 | Styggeberget | Hordaland | Etne | 3,3 | Middels | | | | |
| 5C | E16 | 10 | 2520 | 10 | 2600 | Dalevågtunnelen | Hordaland | Vaksdal | 3,3 | Middels | 5 | 40 % | Terrengtiltak | Steinsprang. Aktivt skredområde. Radarovervaking 2 g. pr. år pågår |
| 5C | E16 | 12 | 3900 | 12 | 4100 | Romsolia | Hordaland | Bergen | 3,3 | Middels | 12 | 40 % | Terrengtiltak | |
| 5C | Rv. 5 | 11 | 6520 | 11 | 6810 | Fjærlandstunnelen vest | Sogn og Fjordane | Jølster | 3,3 | Middels | 30 | 40 % | Portal | |
| 6C | Rv. 15 | 2 | 6200 | 2 | 6230 | Morkfonna | Sogn og Fjordane | Stryn | 3,3 | Middels | 4 | 40 % | Kulvert | |
| 5C | E16 | 2 | 5800 | 2 | 8200 | Vinjadalen | Hordaland | Voss | 3,2 | Middels | 2 | 40 % | Terrengtiltak | |
| 5C | E16 | 8 | 3680 | 8 | 3700 | Klutafjellstunnelen vest | Hordaland | Voss | 3,2 | Middels | 3 | 40 % | Fanggjerder | |
| 6C | Rv. 15 | 8 | 12300 | 8 | 12600 | Almenningsbakkane | Sogn og Fjordane | Vågsøy | 3,2 | Middels | 10 | 40 % | Fanggjerder | |

| Rute | Veg | Hp (frå) | Km (frå) | hp (til) | Km (til) | Stadnamn | Fylke | Kommune | Skred- faktor | Skred- faktor- gruppe | Kostnad (mill. 2015-kr) | Usik- kerhet | Tiltak | Merknad |
|------|--------|-------------|-------------|-------------|-------------|-----------------------|------------------|------------|------------------|-----------------------------|-------------------------------|-----------------|--|---|
| 6C | Rv. 15 | 1 | 9750 | 1 | 9844 | Ospelitunnelen Nord | Sogn og Fjordane | Stryn | 3,2 | Middels | | | | Tiltak er inkludert i tiltak ved Sætreskarfjellet / Grasdalen |
| 5C | E16 | 7 | 8690 | 7 | 8710 | Skorve | Hordaland | Voss | 3,1 | Middels | 2 | 40 % | Terrengtiltak | |
